Som det går fram av årsmeldinga og rekneskapen er det eit postivt årsresulat på kr 37 225 i 2015. Det vises til selskapsavtalen 3 om at « *selskapet skal drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene».*

Revisor Roald Stakland i KPMG AS har godkjent rekneskapen i si melding dagsett 18.03.16 som følgjer som vedlegg i sak 9/16. Han har ikkje komme nokre merknader i meldinga.

Årsmeldinga vert no lagt fram til endeleg godkjenning i styret.

Årsmeldinga blir da styret si «årsberetning», jfr lov om interkommunale selskaper § 27 der det står at « *styret framlegger forslag til årsregnskap og årsberetning».* Desse opplysningane vil seinare bli sendt inn til Brønnøysundregisteret, saman med rekneskap og revisjonsmelding.

Saka går vidare til representantskapet sitt møte i april.

## DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Styret si melding og årsmelding 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Aksdal, 29.03.16

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
Dagleg leiar

HAUGALAND
Kontrollutvalgssekretariat IKS

# *Årsmelding for 2015 og styret si melding*

**Selskapet si verksemd**
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i dei 10 deltakarkommunane: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Pr 01.01.15 hadde kommunane totalt 116.507 innbyggarar. Kontoret ligg i Tysvær rådhus, Aksdal, men møta i kontrollutvala, blir gjennomført ute i kommunane.

Selskapet har i 2015 utført sekretariatsteneste som omfattar oppgåver som saksførebuing, protokollføring og iverksetjing av vedtak i kontrollutvala. Sekretariatet har gjennomført totalt 47 (51) kontrollutvalsmøte og saksførebudd 287 (286) saker. Av desse har 61 (65) saker blitt sendt vidare til kommunestyra (frå 4 til 8 saker i dei enkelte kommunane).

I selskapet er det halde 4 styremøte og 1 representantskapsmøte. På personellsida har det vore inga endring. Selskapet har i 2015 hatt ei brukarundersøking med gjennomgåande positive tilbakemeldingar og markert 10 års jubileum for selskapet. Vidare er det sørgja for at ni av kommunane har hatt ute anbod på revisjonstenester for perioden 2016-2020. Etter kommunestyrevalet hausten 2015 var det skifte av medlemmar i kontrollutvala (50 faste og 50 vara) og etterfølgjande opplæring av nye medlem.

**Framhald av drift**
Verksemda er basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala gjennom avtale frå 2004 med deltakarkommunane. Det er inga indikasjonar på lovendringar som skulle seie at grunnlaget for selskapet skal falle bort. Ei samanslåing av kommunar vil kunne få verknad for drifta, men det ligg pr. i dag ikkje føre nokre konkrete planar. Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

**Resultat og utvikling**
Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapen for 2015 viser ein omsetnad på kr 1.792.000. I 2015 har drifta resultert i eit driftsoverskot på kr 34.866 og eit **positivt årsresultat på kr 37.225.** Lønnskostnadene blei som budsjettert, medan driftskostnadene blei noko lågare enn budsjettert. Sekretariatet utførar rekneskapsføring og lønnskjøring sjølv.

Styret gjer framlegg at overskotet vert ført som fond i eigenkapital. IKSet er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det er såleis viktig å ha reserver tilgjengeleg. Ved å setje av midlar til fond vil selskapet bli meir robust i sin daglege drift, samtidig som selskapet er meir likvid når framtidig pensjonsforpliktingar trer inn.

Selskapet har i 2015 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

**Arbeidsmiljø**
Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Det har i 2015 vore 3 % sjukefråvær, som er litt høgare enn i 2014 (0,4 %). Det har ikkje vore nokon skadar eller ulykker som er jobbrelatert. Selskapet har drøfta forhold knytte til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Styret har ein positiv haldning til kompetanseoppbygging i selskapet. Styret meiner det er viktig for å halde på dyktige medarbeidarar og at det har samtidig positive verknader for arbeidsmiljøet. Sekretariatet har i 2015 delteke på konferanse i regi av NKRF og Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen, samling for sekretariata på Vestland/Trøndelag på Stiklestad. I år var selskapet/sekretariatet vertskap for nettverksmøte på Røvær for sekretariata i Rogaland og Agder

**Likestilling**
Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er samansett av ei kvinne og to menn. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

**Ytre miljø**
Selskapet driv ikkje verksemd som påverkar det ytre miljø nemneverdig utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg omlag midt i selskapet sitt virkeområde.

Aksdal, 11.02.16

Arne Gjerde
Styreleiar

Torleif Lothe
nestleiar

Norunn Byrknes
styremedlem

Toril Hallsjø
dagleg leiar

# Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Styret | 06.04.16 | **11/16** |
| Representantskapet | 25.04.16 | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 210 | |

## BUDSJETT 2017 – BUDSJETTFØRESETNADER OG RAMMER

**Vedlegg:** Budsjettframlegg 2017- taloppsett

**Bakgrunn for saken**
Ifølge lov om interkommunale selskap § 18 skal representantskapet vedta selskapet sitt budsjett for kommande kalenderår. Årsbudsjettet skal settast opp slik at det gjer eit realistisk bilete av verksemda og det forventande økonomiske resultatet av drifta. I tillegg skal representantskapet, i følgje § 9, vedta selskapet si kontingent/tilskot frå kommunane.

Sidan 2009 har representantskapet hatt som praksis å ha eitt møte i året. Budsjettmøtet om hausten var vore det møtet som har blitt kutta. Ved at representantskapet handsamer rekneskapen frå sist år og vedtar årsbudsjett og økonomiplan i same møtet om våren, vil det seie at selskapet er i forkant av kommunane sitt arbeid med neste års budsjett. Dersom det skulle vere trong for det, så kan representantskapsleiar kalle inn til nytt møte eller fleire møte, jfr selskapsavtalen § 10.

**Generelle føresetnader**
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS (HKS) skal yte sekretariatsteneste til kontroll-utvalet i deltakarkommunane. HKS har 2 tilsette og drifta av selskapet skal drivast i balanse. Lønn og sosiale utgifter er, som tidlegare år, den største utgiftsposten, medan tilskot frå deltakarkommunane utgjer inntektene til selskapet.

I følgje vedtatt økonomiplan er det lagd inn ein auke på 5 prosent i 2017. Dette er høgare enn prognosane til Statistisk Sentralbyrå (SSB) for forventa lønns- og prisvekst, men har si grunn i auka pensjonspremie og driftsutgiftar. Når det gjeld pensjonsutgiftane vil dei stige som følgje av at selskapet må melde seg inn i utjamningsordninga for AFP frå 62-65 år. Til no har HKS hatt eigenrisiko for denne ordninga, men må melde seg inn 3 år før tilsett kan vere aktuell for å ta ut ei slik ordning.

SSB ventar noko lågare auke pris på varer og teneste enn lønnsveksten, men då selskapets desse utgiftene berre utgjer 13 prosent av selskapet sitt rekneskap/budsjett, vert likevel økonomiplanen lagd til grunn.

| **Inntekter 2017** | | **Utgifter 2017** | |
|---|---|---|---|
| Tilskot | 1.957.000 | Lønn- og sosiale utgifter | 1.674.000 |
| Andre inntekter | - | Andre driftsutgifter | 283.000 |
| Driftsinntekter totalt | 1.957.000 | Driftskostnader totalt | 1.957.000 |
| **Inntekter** | **1.957.000** | **Utgifter** | **1.957.000** |

Postane i budsjettet er, som tidligare år, knytta opp til rekneskapsoppsett. Posten «lønn og sosiale utgifter» inkluderar, i tillegg til lønn, styrehonorar, godtgjersle, arbeidsgjevaravgift, pensjonsutgifter, ulike forsikringar, og velferdstiltak m.m.

Totale lønnskostnader er for 2017 sett til kr 1 700.000. Forventa årslønnsvekst for 2017 er anslått til rundt 3 prosent. Nivået er det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Det byggjer på SSB sin økonomiske prognoser for dei neste åra.

Selskapet har hatt eigenrisiko på AFP 62-65-år. Denne ordninga er meint å gjelde ut 2016 Ordinær pensjonspremie har vore 100 % utjamning på AFP 65-66-år, samt "85-årsregelen".

Andre driftskostnader er budsjettert med kr 257 000. Elektronisk arkiv- og sakshandsamingssystem har ikkje vore prioritert til no, og kostnader knytte til eventuell slik innføring vil kunne dekkast av bruk av fondsmidlar.

**Grunnlag for berekning av inntekter for 2017**

*Generelt*

I budsjettramma for 2017 blir det lagd opp til kr 1 957 000 i inntekter, der tilskot utgjer kr 1 957 000. Finansinntekter er ikkje budsjettert, heller ikkje utgiftene til avskrivingane, då det utgjer små beløp.

*Eigartilskot*

Det vert lagd opp til ei auke på 5 prosent til kr 1 957 000 i eigar- og medlemstilskotet for 2017. Dette er i samsvar med det som representantskapet har godkjent i fjor i vedtatt økonomiplan.

**Grunnlag for beregning av utgifter for 2017**

*Generelt*

Ramma på utgiftssida er sett til kr 1 957 000. Utgiftene er fordelt på samme oversikt som tidlegare og under driftsutgifter er kostnadane spesifisert for å få betre oversikt.

*Lønn og sosiale utgifter*

Det budsjetterast med ca. kr 1 700 000 i lønn og sosiale utgifter i 2017. HKSs sosiale utgifter er fyrst og fremst pensjonspremie til KPL og arbeidsgjevaravgift. Arbeidsgjevaravgift er 14,1 prosent av lønns- og pensjonsutgiftene.

*Driftsutgifter:*

- *Husleige:* Husleiga har ikkje vore justert dei siste åra, med det vert tatt utgangspunkt i auke i konsumprisindeksen. Daglig leiar er blitt varsla om at det kan vere aktuelt å måtte flytte til andre kontor på rådhuset når arkivet skal flyttes frå 2. etasje og ned til servicetorget i 1 etg.
- *Inventar og utstyr:* dekker vedlikehald av kopimaskiner,samt kjøp av anna kontorutstyr
- *Revisjon:* det settast av kr 12 000, jr nytt anbod.
- *Kontorrekvisita:* kopipapir, arkivboksar, arkivmapper, innbindingspermar og anna naudsynt arkivmateriell, til saman kr 5 000.
- *Kontingenter, abonnement:* Medlemskap i KS-Bedrift (19.000), NKRF (16.000), FKT (7000), IKA (frå 15.000 til 18.000), Visma (7000) og Proff Hosting (2000) med til saman kr 76 000. I tillegg kommer abonnement på tidsskrift og Kommunal Rapport med kr 8000.
- *Telefon:* Tilsette har mobiltelefon i bedriftsabonnement. Det vert sett av kr 12 000 .
  *Porto:* Dei fleste sakskart og brev blir no sendt pr. e-post, då alle kommunane har innført papirlause møte/lesebrett. Det vert likevel sett av kr 5 000, då det ikkje klårt kor mykje som vil bli sendt pr post.
- *Diverse:* Det settast av 21 000 til diverse andre utgifter.

*Samlingar og kurs for personalet*
Frå styret har det vore signalisert at det er viktig, i eit så lite arbeidsmiljø som HKS, å prioritere fellessamlingar for fagleg oppdatering innan same arbeidsfelt. I tillegg er det viktig med det sosiale med kollegarer.

Denne posten dekker utgifter til sekretariatssamlinger og kurs/ konferanser for personale. NKRF-konferansen og FKT konferansen er viktige møtestader for kontrollutvalgssekretærer, samt Nettverkssamling for sekretariatene på Vestlandet og Rogaland/Agder. Det vert sett av kr 80 000.

*Avskrivingar*
Avskrivningen på datautstyr innkjøpt i 2011 blir avskrevet over 5 år og er ferdig nedskreve i 2018.

Vedlagt følgjer utkast til budsjett for 2017.

Samla kostnader til fordeling på kommunane vert for 2017 kr 1.957.000. I økonomiplanen 2015-2018 er utgiftene for 2017 lagd inn med ei litt større auke i 2017 pga. auka utgifter til pensjonspremie og auka tilskot til IKA/Interkommunalt Arkiv IKS etter innflytting i Arkivenes hus på Ullandhaug.

Det vil vera føremålstenleg at styret får fullmakt til å gjere budsjettendringar som ikkje fører med seg meirkostnader for deltakarkommunane.

**DAGLEG LEIAR SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:**

*Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2017 slik det er lagt fram:*

| **Inntekter 2017** | | **Utgifter 2017** | |
|---|---|---|---|
| Tilskot | 1.957.000 | Lønn- og sosiale utgifter | 1.700.000 |
| Andre inntekter | - | Driftsutgifter | 257.000 |
| **Inntekter totalt** | **1.957.000** | **Utgifter totalt** | **1.957.000** |
| Resultat | 0 | | 0 |

*Eigartilskot frå eigarkommunane vert med dette følgjande:*

| **Deltakarkommune** | **kontingent 2017** |
|---|---|
| Karmøy kommune | 354.000 |
| Haugesund kommune | 354.000 |
| Tysvær kommune | 186.000 |
| Vindafjord kommune | 186.000 |
| Sveio kommune | 167.000 |
| Sauda kommune | 167.000 |
| Etne kommune | 167.000 |
| Suldal kommune | 167.000 |
| Bokn kommune | 109.000 |
| Utsira kommune | 100.000 |

*Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingenten frå deltakarkommunane ikkje blir auka..*

Aksdal, 30.03.16

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
Dagleg leiar

VEDLEGG
SAK 11/16

# HAUGALAND KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT IKS

## DAGLEG LEIAR – BUDSJETTFRAMLEGG 2017

| Konto | Tekst | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|---|
| 5010 | Lønn | 1 255 000 | 1 220 000 | 1 175 807 |
| 5200 | Fast bilgodtgjersle | 25 000 | 25 000 | 24 222 |
| 5280 | Andre fordeler | 5 000 | 4 000 | 1 681 |
| 5330 | Styrehonorar/godtgjersle | 32 000 | 26 000 | 23 200 |
| 5410 | Arbeidsgiveravgift | 200 000 | 195 000 | 186 808 |
| 5430 | Pensjonspremie | 170 000 | 130 000 | 113 553 |
| 5910 | Ulykkesforsikring | 2 000 | 1 000 | 1 016 |
| 5920 | Yrkesskadeforsikring | 1 000 | 1 000 | 816 |
| 5930 | Reiseforsikring | 3 000 | 2 000 | 2 520 |
| 5950 | Gruppelivsforsikring | 5 000 | 4 000 | 3 966 |
| 5960 | Gaver tilsatte | 2 000 | 2 000 | 1 640 |
| | **Lønnskostnader** | **1 700 000** | **1 610 000** | **1 534 761** |
| 6300 | Husleie, renhold og strøm | 28 000 | 25 000 | 23 152 |
| | **Lokaler** | **28 000** | **25 000** | **23 152** |
| 6540 | Inventar/utstyr | 5 000 | 5 000 | 1 518 |
| 6570 | Verneutstyr | 7 000 | 5 000 | 1 500 |
| 6730 | Konsulenttjenester | 3 000 | 3 000 | 394 |
| 6820 | Rekvisita, materiell | 5 000 | 5 000 | 3 366 |
| 6900 | Telefon | 12 000 | 11 000 | 10 120 |
| 6940 | Porto | 5 000 | 10 000 | 9 870 |
| | **Kontorhold** | **37 000** | **39 000** | **26 768** |
| 6700 | Revisorhonorar | 12 000 | 12 000 | 11 738 |
| | **Revisjon** | **12 000** | **12 000** | **11 738** |
| 6840 | Faglitteratur | 7 000 | 7 000 | 6 377 |
| **6860** | Kurs inkludert reise | 73 000 | 70 000 | 46 419 |
| | **Kurs og faglitteratur** | **80 000** | **77 000** | **52 796** |
| **7100** | Bilgodtgjersle oppg.pl. | 30 000 | 25 000 | 24 760 |
| | **Bilgodtgjersle** | **30 000** | **25 000** | **24 760** |
| 7600 | Medlemskap KS-Bedrift | 20 000 | 19 000 | 18 083 |
| 7600 | Medlemskap NKRF | 17 000 | 16 000 | 15 349 |
| 7600 | Medlemskap FKT | 7 000 | 7 000 | 6 600 |
| 7600 | Tilskot IKA | 18 000 | 16 000 | 14 629 |
| 7600 | Lisens rekneskap Vismal | 12 000 | 7 000 | 6 885 |
| 7600 | Lisens web og domene | 2 000 | 2 000 | 1 168 |
| | **Lisensavgifter** | **76 000** | **67 000** | **62 714** |
| 7350 | Representasjon | 5 000 | 4 000 | 11 394 |
| 7700 | Styre-/repr.møte | 4 000 | 3 000 | 1 946 |
| 7770 | Bank og kortgebyr | 3 000 | 2 000 | 1 877 |
| | Andre utgifter | 10 000 | 0 | 0 |
| | **Andre utgifter** | **21 000** | **9 000** | **15 217** |
| | **Annen driftskostnad** | **257 000** | **254 000** | **217 145** |

-

# HAUGALAND KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT IKS

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Driftskostnader** | **1 957 000** | **1 864 000** | **1 757 133** |
| 3110 | | | | |
| 3110 | **Karmøy kommune** | **354 000** | **337 000** | **324 000** |
| 3110 | **Haugesund kommune** | **354 000** | **337 000** | **324 000** |
| 3110 | **Tysvær kommune** | **186 000** | **177 000** | **170 000** |
| 3110 | **Vindafjord kommune** | **186 000** | **177 000** | **170 000** |
| 3110 | **Sveio kommune** | **141 000** | **159 000** | **153 000** |
| 3110 | **Sauda kommune** | **141 000** | **159 000** | **153 000** |
| 3110 | **Etne kommune** | **141 000** | **159 000** | **153 000** |
| 3110 | **Suldal kommune** | **141 000** | **159 000** | **153 000** |
| 3110 | **Bokn kommune** | **92 000** | **104 000** | **100 000** |
| | **Utsira kommune** | **85 000** | **96 000** | **92 000** |
| | **Driftsinntekter** | **1 957 000** | **1 864 000** | **1 792 000** |
| | **Driftsresultat** | **0** | **0** | **34 866** |
| 8040 | Renteinntekter | 0 | 0 | 2 359 |
| 8140 | **Finansinntekter** | **0** | **0** | **2 359** |
| | Rentekostnader | | | 0 |
| | **Finanskostnader** | - | - | |
| | **Netto finans** | **0** | **0** | **2 359** |
| | **Årsresultat** | 0 | 0 | **37 225** |
| | **Bruk av/avsetting til fond** | **0** | **0** | **37 225** |

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Styret | 06.04.16 | **12/16** |
| Representantskapet | 25.04.16 | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 210 | |

# ØKONOMIPLAN 2017-2020

**Bakgrunn for saken**
Ifølge lov om interkommunale selskap § 20 og selskapsavtalen § 22 skal representantskapet en gang i året vedta selskapets økonomiplan. Denne skal legges til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og annet planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte de neste fire årene og gi en realistisk oversikt over forventede inntekter og utgifter.

**Generelle forutsetninger**
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS (HKS) skal yte sekretariatstjenester til kontroll-utvalget i deltakerkommunene og ellers arbeide i samsvar med de retningslinjene som er fastsatt i selskapsavtalen, lov og forskrift og vedtatt strategiplan.

**Økonomiske forutsetninger**
Eiertilskudd/ medlemsavgift justeres årlig, normalt med en økning i samsvar med lønns- og prisveksten i kommunene. Statistisk Sentralbyrå (SSB) anslår en årlig lønnsvekst med 3,1 og 3,3 prosent og en årlig økning i konsumprisindeksen på rundt 2 prosent de neste årene. Daglig leder har lagt inn 3 prosent, da det forventes økning i pensjonsutgiftene og usikkerhet med hensyn til prisutviklingen. Økonomiplanen tar utgangspunkt i disse prognosene. Det forutsettes at deltakerantallet i selskapet forblir uendret inntil videre og at selskapet har to ansatte. Dette kan imidlertid endre seg som følge av kommende kommunereform. Endringer vil da ikke tre i kraft tidligst før i 2020. Eventuelle endringer får tas inn ved neste økonomiplanrullering.

**Pensjonskostnader**
Selskapet valgte egenrisiko på AFP ved oppstart av selskapet i 2005. Det på tross av at det var advart mot, spesielt for små virksomheter, å ta for stor selvrisiko. I 2011 valgte en ansatt å gå av med AFP og det utløste store kostnader og likviditetsproblemer for selskapet. Selskapet måtte gå til eierkommunene og be om økt tilskudd i løpet av året. Selskapet endret tidligpensjonsløsning for AFP 65-66 år ved å melde seg inn i KLP sitt utjevningsfellesskap fra 2012, men opprettholdt egenrisikoen for AFP 62-64.

Selskapet må ha hatt utjamning i minst 3 år for å slippe full egenrisiko på AFP-pensjonen, så selskapet må før 01.11.16 melde seg inn i utjamningsordningen, da eldste ansatt snart vil ha tre år igjen til vedkommende fyller kravene til evt. å ta ut AFP-pensjon. Pensjonskostnadene vil utgjere 0,9 % av lønnsgrunnlaget.

**Økonomiplanen**

Planen under viser beregnede inntekter og utgifter de neste fire årene, sammenlignet med budsjettet for 2016. Det er lagt opp til en vekst i budsjettet på 5 prosent i 2017 og en gjennomsnittlig økning i 2018 og de neste årene på 3 % .

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| ***Inntekter:*** | | | | | |
| **Tilskudd** | **1.864.000** | **1.957.000** | **2.016.000** | **2.076.000** | **2.138.000** |
| **Andre inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Totalt** | **1.864.000** | **1.957.000** | **2.016.000** | **2.076.000** | **2.138.000** |
| ***Utgifter:*** | | | | | |
| **Lønn og sos. utg.** | **1.610.000** | **1.674.000** | **1.725.000** | **1.776.000** | **1.829.000** |
| **Driftsutgifter** | **254.000** | **283.000** | **291.000** | **300.000** | **309.000** |
| **Totalt** | **1.864.000** | **1.957.000** | **2.016.000** | **2.076.000** | **2.138.000** |
| **Resultat** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Samlet driftsutgifter er for 2016 vedtatt til kr 1.864.000. I økonomiplanen for årene 2016-2019 ble utgiftene i 2017 økt som følge av økte pensjonsforpliktelser og økt tilskudd til IKA og deretter er utgiftene lagt på samme nivå. Tilskuddet fra deltakerkommunene er i økonomiperioden foreslått økt med 3 %.

**DAGLEG LEDER SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:**

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2017-2020:

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| *Inntekter:* | | | | |
| Tilskudd | 1.957.000 | 2.016.000 | 2.076.000 | 2.138.000 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt** | **1.957.000** | **2.016.000** | **2.076.000** | **2.138.000** |
| *Utgifter:* | | | | |
| Lønn og sos. utg. | 1.674.000 | 1.725.000 | 1.776.000 | 1.829.000 |
| Driftsutgifter | 283.000 | 291.000 | 300.000 | 309.000 |
| **Totalt** | **1.957.000** | **2.016.000** | **2.076.000** | **2.138.000** |
| Resultat | 0 | 0 | 0 | 0 |

Aksdal, 30.03.16

Toril Hallsjø
Daglig leder

# Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Valnemnda | 07.03.16 | **3/16** |
| Styret | 06.04.16 | **13/16** |
| Representantskapet | 25.04.16 | **8/16** |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 033 | |

## MØTEGODTGJERSLE I HKS IKS

**Vedlegg:** Kommunal- og regiondepartementet sitt brev av 13.05.09
HIM IKS sitt brev av 09.12.09

**Saksorientering:**
Møtegodtgjersla til representantskap og styre blei fyrste gong fastsett i det fyrste ordinære representatskapmøtet 19.05.05, sak 7/05. Ny sak om endra godtgjersle blei ikkje lagd fram før i 2012. Satsen blei då heva frå kr 600,- pr møte til kr 800,- pr møte. Styreleiar og representantskapsleiar har vore godtgjort med dobbel sats.

Departementet har i brev av 13.05.09 til Øvre Romerike Revisjonsdistrikt konkludert med at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv, og at det er eigarkommunen som bør fastsetje og betale slik godtgjersle. Brevet følgjer som vedlegg.

Brevet blei lagt fram som referatsak i representantskapsmøtet 29.04.10 utan merknader og som vedlegg i godtgjerslesaka i 2012, kor det blei vedteke ei oversending til eigarkommunane om oppfølging.

Med bakgrunn i signalene frå departementet ønskte representantskapet ei oppmoding til kommunane om ei prinsipiell handsaming i eigarmeldingane om same sats for verv i interkommunale selskap. Inntil dette var på plass ønskte representantskapet at godtgjersla blei utbetalt frå selskapet.

Dagleg leiar ønskjer no ei ny drøfting om denne ordninga og satsane.

**Andre IKS og AS**
I Haugaland Vekst IKS blei det tidlegare ikkje utbetalt møtegodtgjersle, verken til styre eller til representantskap, då ordførarene var dei som valt inn i verva. No har dei eit styre som er rekruttert frå kommunanene sine leiargruppar. Representantskapet i Haugaland Vekst IKS vedtok 25.04.14, sak 6/14 følgjande styrehonorar:

| | |
|---|---|
| *Styreleder* | *25.000* |
| *Styremedlem* | *15.000* |

*For varamedlem som stiller på enkeltmøter gis møtegodtgjørelse med kr 1500 pr møte.*

Medlem til representatskapet er ordførarane i eigarkommunane.

I Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS er årleg honorar for styreverva (vedtak 21.05.14):

| | |
|---|---|
| *Styreleder* | *45.000* |
| *Nestleder* | *20.000* |
| *Styremedlem* | *15.000* |

I tillegg vert det utbetalt kr 1000,- i møtegodtgjersle pr møte:

*Møtegodtgjørelse – medlemmer og varamedlemmer mottar møtegodtgjørelse ved deltakelse på møter med 1000 pr møte.*

Utsendingar til representantskapet fekk tidlegare også denne satsen, men frå 2010 har ikkje selskapet dekka representantane sin godtgjørsle, men eigarkommunane dekkja denne sjølv. Sjå vedlagt brev frå 09.12.19.

Adm. dir. Staveland skriv at dei skal ha styremøte 18.04.16 før representantskapsmøtet 25.05.16 og at hun vil truleg ikkje gjere framlegg om nokon endringar, men ho veit ikkje kva styret eventuelt meiner om saka.

I Interkommunalt Arkiv (IKA) Rogaland IKS er satsane frå 2012 følgjande:

| | |
|---|---|
| *Styreleder* | *15.000* |
| *De øvrige styremedlem* | *1000 pr møte i godtgjørelse.* |

*Styremedlemmene får dekket reiseutgifter etter statens reisereguslativ.*

Fra Haugaland Kraft AS er det opplyst at selskapet har ei sats på kr 1800,- pr møte som godtgjersle til kvar delegat som møte på selskapet si generalforsamling. I tillegg dekkjer dei utsendingane sine reiserekningar.

**HKS IKS**

Reiserekningane har det vore praksis for at dei vert sendt til eigarkommunane. Sidan 2011 har det berre blitt kalla inn til eit representantskapsmøte pr år, mot tidligare to, eit om våren og eit om hausten. Budsjettet for neste år blir då lagd fram i same møtet som rekneskapen vert godkjent.

Det er i framlegg til budsjett for 2016 lagd inn møtegodtgjersle til styret og til medlemmene av representantskapet med en sats: *kr 800,- pr møte.* Det er som tidlegare meint praksis for at leiar av representantskap og styreleiar mottek dobbel godtgjersle. Det er lagt opp til eit møte i representantskapet og fire ordinære styremøte i 2017 og åra framover. Medlemmene i styret får i tillegg dekka kjøregodtgjersle og eventuelle andre faktiske reiseutgifter.

Det har i selskapet ikkje vore vedteken reglar for tapt arbeidsforteneste. Til no har det ikkje vore sett fram slik krav, men dagleg leiar kan ikkje sjå vekk i frå eit slik krav kan kome. I HIM er det sett ei øvre grense på dokumentert tapt arbeidsfortenenste på kr 2200.

Møtegodtgjersla i i ulike eigarkommunar vil variere frå kr 500,- til kr 1000,- pr møte etter som kva kommune dei representerar (Karmøy og Tysvær kr 1000, Sveio kr 886, Vindafjord kr 885, Sauda kr 750, Bokn kr 700/kr 300).

I Haugesund sitt godtgjerslereglement er følgjande tatt inn:

**8.1 Interkommunale/regionale utvalg**
Folkevalgte representanter som kommunen har oppnevnt i interkommunalt eller regionale styrer, råd eller utvalg godtgjøres i henhold dette reglementet, dersom ikke det interkommunale foretaket selv utbetaler honorar etter egne satser.

Det samme gjelder for folkevalgte representanter i styre for kommunal forretningsdrift.

**Valnemnda si handsaming 07.03.16, sak 3/16:**

Utvalet drøfta om selskapet skulle fortsette med denne praksisen om å utbetale godtgjering til representantane. Praksisen varierer i kommunale selskap. Haugaland Kraft AS betaler vissnok til dei som møter på generalforsamlinga, medan HIM IKS har slutta med det.
Då oppmodinga om lik sats ennå ikkje var kome på plass, meinte valnemnda at godtgjersla burde fortsatt bli utbetalt frå selskapet, slik at alle fekk det same for å møta fram.

Gudvin Selsås gjorde framlegg om å auke godtgjersla for styret til kr 1000,- pr. møte og at representantskapsmedlemmane får same godtgjering. Den nye satsen vil fyrst ta til å gjelde frå 2017. Valnemnda slutta seg til framlegget.

**Valnemnda si innstilling til representantskapet sitt møte 25.04.16:**

*Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1000,- pr. møte. Styreleiar vert godtgjort med dobbel sats.*

*Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med same sats som styret, inntil eigarkommunane vedtar lik sats for vervet.*

*Leiar av representantskapet vert godtgjort med dobbel sats.*

*Satsane gjeld frå 2017.*

**Dagleg leiar si tilleggsinnstilling:**

*Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vil tilrå at eigarkommunane følgjer opp departementet sin konklusjon om at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv, og at det er eigarkommunen som bør fastsetje og betale slik godtgjersle til sine eigne medlem i representantskap/generalforsamling, og at kommunane samordnar vedtak slik at det blir lik sats for same verv.*

*Styret tiltrer elles valnemnda sitt framlegg til godtgjerslesats med følgjende tillegg:*

*Styret får dekka reiseutgiftar etter statens reiseregulativ.*
*Tapt arbeidsforteneste/utlegg dekkast etter skriftleg krav når arbeidgjevar har gjort trekk i lønn. Trekket skal dokumenterast av arbeidgjevar. Personleg næringsdrivande dokumenterar gjennom likingsattest. Øvre grense pr møte vert sett til kr 2200.*

Aksdal, 29.03.16
Toril Hallsjø
Dagleg leiar

VEDLEGG
ØRK 13/16
1.

DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Øvre Romerike Revisjonsdistrikt IKS
Trondheimsveien 266 - 268

2070 RÅHOLT

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| akm | 09/617-2 SHA | 13 MAI 2009 |

**Godtgjørelse til representanskapsmedlemmer i interkommunale selskaper**

Vi viser til brev 17. februar 2009. Øvre Romerike revisjonsdistrikt IKS (heretter revisjonsdistriktet) viser her til at det er vanlig praksis at representantskapsmedlemmer i interkommunale selskaper (IKS) får utbetalt møtegodtgjørelse fra IKS-ene og ikke av eierkommunene, i tillegg til reisegodtgjørelse. Revisjonsdistriktet stiller spørsmål ved om dette er riktig praksis, eller om det bør være eierkommunene som utbetaler slik godtgjørelse.

**Nærmere om problemstillingen og revisjonsdistriktets innvendinger**
Revisjonsdistriktet viser til at når en har et verv som representantskapsmedlem er oppdragsgiver kommunen og ikke selskapet. I enkelte selskaper er også lederen av representantskapet observatør på samtlige styremøter og får godtgjørelse for dette fra selskapet. Det påpekes at inntekten fra selskapet kan være med på å skape uheldige bånd mellom selskapet og de enkelte representantene som kan gjøre rollen som representantskapsmedlem vanskelige. Revisjonsdistriktet spør om slike økonomiske bindinger mellom representantskapets medlemmer og selskapet kan føre til at representantskapet i større grad er selskapets og ikke eierkommunenes organ. Revisjonsdistriktet peker også på at for enkelte politikere kan det være god økonomi knyttet til verv i interkommunale selskaper.

**Departementets vurdering**
I det følgende gjøres det greie for hvordan departementet vurderer spørsmålet ovenfor. Det understrekes at det synet som framkommer her, ikke kan anses å være en *beslutning* om hvordan kommunene eller IKS-ene skal anvende loven. Departementet understreker at kommunene har et selvstendig ansvar for å anvende loven og et selvstendig ansvar for de vedtakene de treffer.

Postadresse:
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon *
22 24 90 90 /
Org. nr.:
972 417 858

Kommunalavdelingen
Telefaks:

Saksbehandler:
Siri Halvorsen
22 24 69 13

Lov om interkommunale selskaper 19. desember 2003 nr. 120 (IKS-loven) regulerer ikke spørsmålet om godtgjørelse til representantskapsmedlemmer i et interkommunalt selskap. IKS-loven har mange fellestrekk med aksjelovgivningen, og det kunne derfor være naturlig å se hen til aksjelovgivningens regulering av forholdet. Spørsmålet er imidlertid heller ikke regulert i aksjelovgivningen.

Ved vurderingen av hva som er riktig praksis med hensyn til utbetaling av møtegodtgjørelse til medlemmene av representantskapet i et IKS, mener departementet det er naturlig å ta utgangspunkt i IKS-lovens alminnelige bestemmelser om organisering av selskapet.

Av IKS-loven § 13 framkommer det at "forvaltningen av selskapet hører under styret, som har ansvaret for en tilfredsstillende organisasjon av selskapets virksomhet". Med "forvaltning" av selskapet menes ledelsen av selskapets virksomhet i vid betydning og ansvaret for at de verdier som deltakerne har i selskapsforholdet, anvendes i samsvar med formålet. Etter departementets syn virker det ikke umiddelbart naturlig at uttrykket "forvaltningen av selskapet" også omfatter å utbetale godtgjøring til medlemmer av representantskapet i IKS-er.

Det er videre et grunnleggende prinsipp i IKS-loven, at eierne utøver sin myndighet gjennom representantskapet og at representantskapet er selskapets øverste myndighet, jf. § 7. Dette innebærer at representantskapet står i et generelt overordningsforhold overfor styret. Representantskapsmedlemmene representerer sine respektive kommuner og forutsettes i samsvar med dette å ivareta deltakernes interesser i selskapet. Vedkommende kommune har følgelig instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet.

Med bakgrunn i disse rammene for organisering av IKS-ene, viser departementet til kommuneloven kapittel 7 som fastsetter regler om *folkevalgtes* rettigheter og plikter. I §§ 41 og 42 er det bestemmelser om de folkevalgtes økonomiske rettigheter. Det heter i § 42 at den som har *et kommunalt tillitsverv*, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler *fastsatt av kommunestyret selv*. I denne sammenhengen oppstår spørsmålet om medlem av et representantskap i IKS-er er å anse som innehaver av et "kommunalt tillitsverv". I så fall må det legges til grunn at det er kommunestyret selv, altså deltakerkommunen, som skal fastsette godtgjøring til representantskapsmedlemmene.

Begrepet "kommunalt tillitsverv" er ikke definert i kommuneloven. Begrepet er heller ikke problematisert i forarbeidene, se Ot.prp. nr. 42 (1991-1992). Der er det lagt til grunn at reglene i kapittel 7, herunder bestemmelsene om økonomiske rettigheter, gjelder for "folkevalgte".

I vurderingen av om medlemmer av representantskapet skal regnes som folkevalgte, vil departementet på den ene siden påpeke at IKS-ene er selvstendige rettssubjekter. IKS-ene skiller seg derfor fra kommunale nemnder og utvalg. I Ot.prp. nr. 53 (1997-1998) side 74 er det også slått fast at representantskapet ikke er en nemnd i kommunelovens forstand.

På den andre siden slår IKS-loven § 6 første ledd fast at kommunestyret *selv* oppnevner sine representanter. Etter § 6 annet ledd bestemmer også kommunestyret selv om dets representanter skal velges ved forholdsvalg eller flertallsvalg. At representantskapsmedlemmene velges etter kommunelovens regler, taler etter departementets syn for at de innehar et kommunalt tillitsverv. Dette synspunktet styrkes ved at forarbeidene til kommuneloven synes å forutsette at for eksempel valg til "styre for interkommunale tiltak" er valg av *folkevalgte,* jf. Ot.prp. nr. 42 side 140. IKS-loven er nyere enn kommuneloven, slik at valg til representantskap ikke omtales i kommunelovens forarbeider. Etter vårt syn kan imidlertid valg til representantskap sammenlignes med valg til styre av interkommunale tiltak, som er omtalt i Ot.prp. nr. 42. Departementet legger til at det respektive kommunestyret har full instruksjonsrett overfor de medlemmer det har oppnevnt og at kommunestyret skal utøve sin eiermyndighet gjennom representantskapet. Det taler også for at medlemskap i representantskap er et kommunalt tillitsverv.

Etter dette legger departementet til grunn, at medlemskap i et representantskap i IKS-er må anses å være et "kommunalt tillitsverv". Dermed vil reglene om økonomiske rettigheter for den som har et kommunalt tillitsverv også gjelde for representantskapsmedlemmer i IKS-er. Dette innebærer at kommunestyret *selv* må fastsette satser for godtgjøring av slikt arbeid, jf. kommuneloven § 42, og at medlemmer av representantskapet i IKS-er ikke bør få sin eventuelle godtgjøring direkte fra selskapet.

KS Eierforum har gitt anbefalinger om kommunalt eierskap, jf. http://www.ks.no/tema/Organisasjon-og-ledelse/Eierskap/KS-Eierforum-/ . Spørsmålet om godtgjøringer av representantskapsmedlemmer er imidlertid ikke spesielt omtalt i anbefalingene. Departementet har forelagt revisjonsdistriktets henvendelse for KS Eierforum.

KS Eierforum har gjort departementet oppmerksom på at de drøftet problemstillingen i sitt styremøte 28. april 2009, og at det der ble tatt følgende beslutning:

*Det var enstemmig oppslutning om at de problemstillinger som har blitt påpekt i brevet, skal skrives inn under punkt nr 16 - Godtgjøring til styremedlemmer/representantskap: "Eierkommunene bør fastsette og utbetale godtgjøringen til medlemmer i representantskapet. Dette gjelder også dekning av reiseutgifter. KS Eierforum mener det er*

*uheldig at leder av representantskapet sitter som observatør i styret. Det kan svekke tilliten til representantskapet som opptrer på vegne av eierne.*

*Dersom det blir gitt ut gaver til jul eller ved andre anledninger fra selskapet til enkeltmedlemmer av representantskapet, bør en følge de regler som hjemkommunen har i sitt reglement vedrørende verdi ol."*

Med hilsen

Helga Hjorth (e.f.)
avdelingsdirektør

Siri Halvorsen
rådgiver

Kopi til:
Kommunesektorens etikkutvalg
KS Eierforum

RS 10/11

VEDLEGG SAK 13/11 2

HIM

Haugesund kommune
Rådmannen
Pb 2162
5504 Haugesund

HAUGESUND KOMMUNE
SENTRALARKIVET
14 DES 2009
ARKIVKODE: M50
SAKSNR.: 05/3287 | LØPENR.: 38537/09
SAKSBEH.: STA | ENHET:

Att: Stål Alfredsen

Dato 9. desember 2009

**Godtgjersle til representantskapet**

Viser til brev frå Kommunaldepartementet til Øvre Romerike Revisjonsdistrikt der dei har vurdert godtgjersle til medlemmer i representantskapet. Departementet sin konklusjon er at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv, og at kommunen derfor bør fastsetja og betala ut godtgjersle.

Styret har diskutert departementet sitt syn på dette og kome fram til at dei vil tilrå kommunen å følgja opp departementet sin konklusjon. Det vil i så fall innebera at kommunen betaler møtegodtgjersle til eigne medlemmer i representantskapet frå og med 2010.

Dersom kommunestyret meiner at HIM framleis skal betala møtegodtgjersle til representantskapsmedlemmene, ber me om å få melding om dette.

Med helsing
HIM Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

Jan Karl Lygre
Adm.direktør

# Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Styret | 06.04.16 | **14/16** |
| Representantskapet | 25.04.16 | **10/16** |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 026 | |

## VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

**Ikkje-mangfoldiggjort vedlegg:**

1. Tilbod frå Deloitte AS
2. Tilbod frå KPMG AS

**Saksorientering:**

Etter lov om interkommunale selskap står det i selskapsavtalen § 23 for Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS følgande:

*Selskapet skal ha revisor som velges av representantskapet.*

Ved oppstart i 2005 valde representantskapet Revisorhuset Karmøy DA (seinare Inter Revisjon AS) v/Odd Welde i møte 19.04.05, sak 7/05 som revisor. Hausten 2011 blei selskapet infomert om at Odd Welde vil gje seg som revisor og at Inter Revisjon ville gå inn i Deloitte AS frå 01.01.12. Rekneskap for 2011 blei då revidert av revisor Elisabeth Thorheim og ansvarlig partner Asbjørn Rogde våren 2012.

**2012**

Då eigarkommunane i 2011 valte å konkurranseutsette revisjonstenesta meinte dagleg leiar i 2012 at det også var naturleg for selskapet å få ei ny vurdering med omsyn til val av revisor. Oppdraget blei lagd ut på nettstedet *www.mittoppdrag.no.* med frist 17.04.12 til å komme med tilbod. I 2012 kom det inn tre tilbod: frå Rogaland Revisjon IKS (timepris), Deloitte As (fastpris) og KPMG AS (fastpris).

Representanskapet vedtok i møtet 08.05.12, sak 9/12:

***Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2012.***

Ut frå vektlegging av pris og nærleik støtta representantskapet styret si innstilling på at tilbodet frå KPMG AS som det beste.

**2016**

Det er nå 4 år sidan det har vore sak til representantskapet og eigarkommuneane har igjen vore gjennom ei ny anbodsrunde for revisjonstenestene dei neste 4 år. Denne gongen sendte dagleg leiar berre sendt ut ei forespurnad til fire selskap pr e-post 04.03.16: til Rogaland Revisjon IKS, Deloitte AS, KPMG AS og PwC AS (nå også kontor i Hgsd).

Ho skreiv:

*Selskapet Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS ønsker pristilbud på revisjonstjenester for årsregnskapet 2016 og årene framover.*

*Pristilbudet må leveres som en **fast** pris (ikke timepris) oppgitt i eks. mva og inkludert mva.*

*Selskapet er fritatt for inntekt- og formuesskatteplikt. Budsjettet i 2016 er på kr 1.864.000.*

*Selskapet har 2 fast ansatte og 3 styremedlemmer, ca 200 inngående fakturaer og 40 utgående fakturaer pr år ( til 10 kommuner). Bilagene utgjør 2 ringpermer.*

*Innskudd i bank pr 31.12.15 var: kr 737.370,08 (kr 677.999 og kr 59.371) .Selskapet har ikke langsiktig gjeld.*

*Regnskapet blir ført i Visma sitt Mamut Business Software av daglig leder og rådgiver i fellesskap.*

*Tilbudet må være levert innen **30.03.16**, men helst før denne dato.*

Deloitte As v/Else Holst-Larsen har i e-post 07.03.16 skreve følgjande:

*Vi kan tilby lovpålagt revisjon for fastpris kr 10.800 eks mva. ( kr 13.500 inkl. mva)*

*Siden dette er et lite oppdrag og dere har tilgang på informasjon om Deloitte og kompetanse fra tidligere anbudsrunder for kommunene, har jeg ikke laget et omfattende tilbud.*

*Dersom dere har behov for mer informasjon eller et litt mer formelt tilbud er det bare å ta kontakt.*

KPMG AS v/Roald Stakland skreiv i e-post 18.03.16:

*Vedlagt følger vårt pristilbud for 2016.*

Samla pris fra KPMG er på kr 9.000 eks mva (kr 11.250 inkl. mva) basert på dagens aktivitetsnivå.

Revisjonshonoraret for 2015 er på kr 12.112,50 etter indeksregulering iht tidligare avtale.

Det er ikkje kome noko tilbod frå Rogaland Revisjon IKS eller PwC AS.

Det ligg altså føre to tilbod. Det er på førehand ikkje sett kriterier, men basert på lågast pris er KPMG det selskapet som har levert den lågaste. Begge selskapa innfrir kvalitetsmessig og dei har begge kontorer i Haugesund.

**DAGLEG LEIAR SI INNSTILLING:**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2016.

Aksdal, 30.03.16

Toril Hallsjø
Dagleg leiar